



Tippetue Arkitekter AS
Sandviksbodene 5
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3422 - 16/30819

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
15.11.2016

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 212/132 Eikanger øvre

Lindås kommune viser til søknad om frådelling av 4 tomtar på gbnr 212/132, mottatt 25.10.2016.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta (SAK 10) § 5.4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

- Det er ikkje dokumentert at tiltaket er nabovarsla. Dersom de vurderer at tiltaket ikkje krev nabovarsling må dette gjerast greie for.
- Eigedomane skal knytast til offentleg VA-anlegg via private anlegg. Det ligg ikkje føre løyve til tilkopling eller førehandstilsagn. Det må dokumenterast at eigedomane har sikra rett til bruk av private anlegg for vatn og avlaup.
- Avkjørsla til offentleg veg følg av reguleringsplanen. Det må dokumenterast at eigedomane har sikra rett til bruk av privat veg fram til offentleg veg.

Kommunen vil elles gjera merksam på at det i søknadsskjema er opplyst at ATR Eiendom AS er heimelshavar, men i følgje matrikkelen er det Nordhordland Næringspark AS som er heimelshavar. Vi ber om at det ved innsending av tilleggsdokumentasjon også vert gitt tilbakemelding på dette forholdet.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjonen vert sendt inn samla innan 31.12.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova §§ 21-7, jf SAK 10 § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert fakturert i samavar med Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

ATR Eiendom AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN

Mottakarar:

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN